

Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for Austrheim kommune 2024:

Uttale frå Austrheim NFU.

Arbeidsleiar ved Arbeidssenteret:

Vi stiller oss positive til framlegg om ressursar til arbeidsleiar ved Arbeidssenteret. At stillinga vert foreslått delt mellom Arbeidssenteret og Grønt arbeid, med 50% på kvar eining, ser vi på som eit steg i rett retning. Vi meiner likevel at det er behov for ein **eigen arbeidsleiar i full stilling**.

Arbeidsleiaren har **ein nøkkelfunksjon** dersom Arbeidssenteret skal fungera på ein god måte. Han/ho skal ivareta **mange behov**. Den brukargruppa det er snakk om treng gode, **individuellt tilrettelagte** planar, fast struktur, faste rammer og klare krav og forventningar. Dei må ha reelle arbeidsdagar med **fast oppmøtetid**. Ein arbeidsleiar må ha mandat og mynde til å leia arbeidet aktivt og motivera til innsats. Han/ho må vera til stades og synleg i miljøet, **ta i mot om morgonen** og **skapa fellesskap** gjennom arbeidsdagen. Dette er ei **krevjande oppgåve** som stiller krav til rett kompetanse og god kjennskap til målgruppa.

Om å dela på stillinga mellom to ulike sektorar.

Dersom ein person skal dekke kompetansekrav i begge sektorane, kan det by på utfordringar. Kompetansen til ein arbeidsleiar på AS må vera skreddarsydd til oppgåvene der og ein leiar må konstant ha handa på rattet, i alle høve i ein startfase når tilbodet skal byggast opp. Det kan og visa seg vanskeleg i praksis å skulle **dele merksemda og innsatsen** mellom to kvar for seg krevjande område.

Om det kan vera rom for ei noko mindre tett oppfølging når det har «gått seg til» og ein god praksis er etablert, er noko ein evt. kan koma attende til gjennom evaluering.

NFU Austrheim legg vekt på **brukarmedverknad** og ønskjer å **bidra konstruktivt** i denne prosessen og går gjerne i dialog med kommunen/politikarane om for å koma fram til gode løysingar både på kort og lang sikt.

Det er viktig at stillinga vert finansiert gjennom **friske midlar** og ikkje gjennom omorganisering av personale som allereie arbeider i Vestlia og andre stader i Heimeteneste II, herunder vakant stilling som einingsleiar. Det er allereie underbemanning og stort nok press på personalet som det er.

Vi merker oss elles framlegg til kutt innan Helse og velferd, både når det gjeld **formuleringar** og **konkrete tal**. Vår sektor får iflg framlegget ein reduksjon på ca 1.4 millionar. Vi stiller spørsmål til korleis dette kan forsvrast.

Under «**Utfordringar og strategi**» er formuleringar om effektivisering og reduksjon gjengangarar. Det dreier seg om effektivisering og reduksjon av driftsutgifter, m.a. reduksjon av «ikkje lovpålagte oppgåver og tilbod». Under «**Arbeid og inkludering**» er det framlegg om å «endra kriteria for tildeling av tenester», og ein vil «vurdera endra organisering av tiltak». Vidare er det aktuelt å flytte kostnader «frå arbeidssenter til arbeid og inkludering». **Vi er usikre på kva som gøymer seg bak desse formuleringane.**

Dersom det er signal om **innstraming og reduksjon av tenestene**, er vi svært uroa. Slik vi ser det, er det **ingenting å gå på** i denne sektoren. Tvert imot meiner vi at grunnbemanninga må

aukast. Personalsituasjonen opplever vi til tider som kritisk. Det er eit stort press på tenestene. Ingen av brukarane vi representerer kan klare seg med reduksjon i tilbodet i høve til dagens situasjon. Vi saknar ein ambisjon på vegner av denne gruppa. Dei treng innhald og aktivitet i kvardagen i tillegg til praktisk hjelp og tilrettelegging.

Vi meiner og at det er bekymringsfullt at det er framlegg om reduksjon i budsjettet til Arbeidssenteret. Her meiner vi det bør vera ein auke. Det må setjast av midlar til oppgradering av sjølve lokalet i tillegg til oppgradering/innkjøp av arbeids- og produksjonsutstyr med tanke på oppgåver og produksjon på Arbeidssenteret.

Vi støtter RMNF sitt innspel om bil til rådvelde for Arbeidssenteret og for Vestlia på kveldstid.